

Informasjon:

SISTE VEKA FØR JULEFERIEN!

- Vi køyrar **leksefri** denne veka! Set i staden av litt tid til julekos med høgtlesing i sofakroken!
- No er dei fleste **kostyma til julespelet** på plass. Hugs å sende med, om de ikkje alt har gjort det. Vi treng dei på tysdag, når vi skal syna julespelet på eldrefesten. (I skuletida).
- Eg tykkjer elevane har vore gode til å lære seg **julespelet**. Det har og vore lite tull under øving. 😊
- **Torsdag** kveld bør elevane vere på plass seinast 17.30. Elevane brukar **inngangen på baksida av samfunnshuset**. Dei skal rett opp trappa til loftet (eventuelt ned), for å **skifte klede** til det dei skal ha på seg på julaspelet. Etter at elevane har skifta, kjem dei ned til dykk att. Pass på at elevane ikkje vandrar rundt! Hugs å få dykkar klede til julespelet med heim etter festen.
- **Siste skuledag** vert det songsamling for småskulen i 2. time. Det er 3. klasse som inviterer denne gongen. Vi et **vanleg matpakke** til lunsj. Siste time vert det **kosetime**. Til denne timen kan elevane ha med seg litt **kosemat** i ein boks, som for eksempel kjeks, popkorn, chips, småkaker og ei lita flaske med brus/saft. **Snop er ikkje lov!**
- Takk for godt samarbeid i haust. Eg håpar at dette kan fortsetje like godt i det nye året!

• **Første skuledag** etter ferien: Måndag 5. januar 2026

- **Viktige datoar framover:**

16. Desember (kl. 10.00 – 12.00): Eldrefest (For besteforeldre til elevane, samt pensjonistane i bygda)

18. Desember: (kl. 18.00 – 20.00): Julefesten (Merk om kvelden)

19. Desember (kl. 08.15 – 12.40): Siste skuledag før jul



GOD JUL, OG GODT NYTT ÅR!!